

Årsmelding 2022

Sogndal Turlag

Styret i 2022

Leif Longvanes, leiar	Tom Dybwad, styremedlem
Eldar Venes, kasserar	Anne Skaar, styremedlem
Anne Britt Reppen Halset, styremedlem	Ingrid Buvard Aardal, varamedlem
Toril Mulen, styremedlem	Bente Leirdal Sleen, varamedlem
Lisbeth Dahle, styremedlem	

Medlemstal

Sogndal Turlag har (pr. 17.11.22) 1092 medlemmer. Samanlikna med fjoråret (1079) er det ein liten auke. Sogndal Turlag er ein stor frivillig organisasjon i Sogndal kommune og styret vonar at auken held fram i tråd med at aktiviteten og tilbodet i laget aukar.

Aktivitet

Styret og drifta av laget

Det har vore gjennomført 9 styremøter med til saman 29 vedtakssaker og 44 orienteringssaker. I tillegg er det gjennomført aktivitet og turar i undergrupper som er gjort greie for under. Årsmøte i Sogn & Fjordane turlag vart gjennomført i januar 22, og fellessamling i oktober 22. Sogndal Turlag har hatt eit godt samarbeid med Luster turlag også i år og vonar på eit vidare samarbeid. Vilde Nordlid tok 1. november over stillinga i Sogndal og Luster Turlag etter Marie B. Sørum.

Turar

Sogndal Turlag har hatt god aktivitet etter restriksjonane vart tatt vekk i vinter. Det har totalt vore gjennomført 58 turar og arrangement! Me kan sjå at turar i nærområdet med utfordringar rundt logistikk er populære, samt turar som kan tilby noko ekstra.

2022	Tal turar	Tal deltakarar
Turlagsturar	8	143
FTU	2	16
DNT Ung	10	25
BT Sogndal	8	322
BT Leikanger	7	208
Sogndal Gålag	24	888
Totalt	58	1602



Foto: Anne Skaar. Tur til Romhesten.

Turlagsturar

Diverre måtte kring halvparten av dei planlagde turlagsturane utgå pga. véret og andre forhold. Turane som vart gjennomførte hadde mange deltakarar, og turen med flest deltakarar var Sogndalsdalen – Yngsdalen med 35 personar. Av turar som vart gjennomført kan nemnast tur på sørsida av Sognefjorden, utsikt over Tunsbergdalsbreen, til Romhesten og i verdsarsarvområdet i Nærøyfjorden.

Hyttene

2022 er første heile året med drift av Kollsetestølen. Tilbodet er godt teke i mot med 168 overnattingar. Det er kjekt å sjå at hytta er jevnt i bruk og det er hyggelig lesing i gjesteboka på hytta. Bruken av Kollsetestølen har gjeve inntekter på om lag kr 32 000 i dette rekneskapsåret. Det har vore utført ein del dugnad på hytta med å felle graner rundt hytta som er kløyvd opp til ved. Hyttenemnda består av Jørn Stenehjem, Jarle Årvoll, Jon Midtun, Linda Kollsete og Eldar Venes.



Foto: Eldar Venes

Protokollen for Grøssete syner 87 besøkande, og det er inntekter på om lag kr 25 000. Dette kan tyde på at det er fleire som nyttar hytta, og betaler, enn dei som skriv seg inn i protokollen. Det kan ha samanheng med at fleire reknar seg som registrerte gjennom den digitale bookingen av hytta. Hyttestyret for Grøssete har vore Jorunn Fjermestad, Torbjørn Stokke, Torunn Åberge og Magne Eikås. Hyttestyret ser det som ein fordel at hytta vert førehandstinga, det gjer det enklare med kontroll over bruk og betaling.

Sogndal Turlag har i år starta arbeidet med restaurering av Kjørrdalselet. Tiltak som er gjennomført er rydding og sikring av hytta og noko planleggingsarbeid med sikte på vidare restaurering. Restaureringsarbeidet vil krevje meir økonomiske midlar enn det laget rår over, og det vil i løpet av første halvår 2023 bli søkt om ekstern finansiering av tiltaket. Kjørrdalselet vil, når den opnar for fullt, bli ei sjølvbetjeningshytte med 2-3 overnattingsplassar og vil vere eit nærturtilbod som vi trur vil bli attraktivt for mange.

Foto Tom Dybwad




Kajak

Sogndal Turlag opna 28. juni i kajaknaust på Leikanger. Naustet er eigd av Njøs Forskingsstasjon og turlaget har inngått ei samarbeid med Leikanger Båtlag om bruken av naustet. Det var gjort ein del dugnad for å gjere naustet klart for bruk. Det er fem kajakkar med naudsynt utstyr i naustet og bestilling føl same prosedyre som for kajaknaustet i Sogndal. Vi har fått støtte frå Sparebanken Vest og Sparebankstiftinga/Sogn og Fjordane Turlag til oppretting og utrusting av naustet på Leikanger.

Kajakkane har vore mindre nytta i 2022 (90 bestillingar) enn i 2021 (118). Bruken har synt ein oppsving på slutten av året, og den reduserte bruken har truleg samanheng med ein vår og sommar med kald og vått vær.

SOGNDAL FRILUFTSLIV SOGNDAL TURLAG KAJAKK

Ayla og Toril padla i gang nytt tilbud: - No er det ingen unnskyldning lenger



I GANG. Ayla Christensen Sjøthun og Toril Marie Mullen var raskt på vatnet i kvar sin kajak etter opninga av kajaknaustet. Foto: Kai Martin Brekke

Faksimile Sogn Avis 30.06.2022

DNT ung

Våren 2021 starta DNT ung ein gruppe i Sogndal. Dei har arrangert lågterskelturar som går frå sentrum, der fokuset skal vere på å kose seg på tur. På våren ble det to lengre turar og tre kveldsmatturar. Den mest populære turen var til bålplassen på Stedje den 6. mai, der vart det laga kanelsnurrar på bål. I haust har me vore uheldige med været. Totalt har me hatt 25 deltakarar på 10 turar. UNG har eiga instagram- og facebook side for å lettare nå ut til målgruppa. I haust har dei annonsert turane på sosiale media og hengt opp plakatar rundt omkring i sentrum. Me vil gjerne ha med fleir i DNT ung gruppa!

Barnas Turlag - Sogndal

Barnas Turlag Sogndal har hatt 7 arrangement i 2022 så langt, med om lag 150 born og 120 vaksne. Lommelykttur i november og Nissemars i desember står att.

Barnas turlag Sogndal har i 2022 vore organisert av Christina Skancke Sørheim(leiar), Anne Skaar, Ola Sørensen og Astri Knudsen.

Kom deg ut dagen vinter var i samarbeid med Hodlekve skisenter og om lag 70 vaksne og barn deltok. Kom deg ut dagen haust var i samarbeid med Barnas Turlag Leikanger. Deltakartalet på dei ulike arrangementa varierer mykje, men dei fleste arrangementa har hatt bra oppmøte i år. Det var om lag eit arrangement pr. måned, med unntak av juli og oktober. I tillegg til annonsering i Sogn avis annonserer vi turane på BT Sogndal si Facebook side (med 328 medlemar per no) Vi har og hengt opp lappar i barnehagane og på SFO.



Foto Christina Sørheim

Barnas Turlag - Leikanger

Barnas Turlag Leikanger har hatt et innholdsrikt år med god variasjon i turene sine. Det har vært alt fra kortreist skattejakt på Leikanger til "langreist" tur til Tungestølen, og det har vært mye ulik fokus på turene fra rebusløp, turer på ski og tur med fokus på turmat. Totalt har me hatt 7 turar med om lag 208 deltakarark. Det er alltid plass til flere på våre turene våre og de fleste turene er lavterskelturer som passer for alle.



Foto Bjørn Carlsen

FTU – Friluftsliv tilrettelagt utviklingshemmede

Det har vore noko redusert aktivitet i FTU i 2022. Det har samanheng med at det vore utfordrande å få frivillige og ressurspersonar til gruppa i år. Det er gjennomført to aktivitetar; akedag i mars og påskedag i april. Me vil arbeide for at gruppa kjem i gang igjen med aktivitetar i 2023.

Sogndal Gålag

Sogndal Gålag har gjennomført sin fjerde sesong i år. Aktivitetane starta som vanleg første tysdag etter påske, og held fram ut oktober. Tilsaman har det vore 24 turar med godt framømte på alle turane med snitt på 37 og totalt 888 deltakarar. Gålaget har blanding av lette, medels og litt meir krevjande turar. Dei fleste turane er i Sogndal kommune, men vi har også i år nytta turterrenget i nabokommunane. Medlemstalet er nokolunde stabilt på 200, og det er stadig nye folk som vil verte med på FB-sida vår. Styret har vore Bjørg Eikum Tang, Hans Jørgen Binningsbø, Arnstein Hauståker, Kari Kitty Stadheim, Vidar Læg Reid og Tore Brudvik.



Merkenemnda/Stifadder

Nemnda har gjennomført noko nymerking i 2022. Det er nokre nye folk i nemnda. Møte for merkenemnda og stifaddarane vart og som vanleg gjennomført i juni. Ny teljedato på bøkene er no ca. 1.sept. Tur til Vinkjellaren, nytt turmål i samarbeid med Sogndal Mållag var siste merking i år. Ny postkasse og flott utsikt! Leiar av merkenemnda er Anne Britt Reppen Halset og det er berre å ta kontakt om du ynskjer å bidra i denne gruppa.

SOGNDAL FRILUFTSUTVALG DNT MILJØ

Namnet på det nye turmålet er bestemt: - Som eg mistenkte var det mykje grovt



AVGIFT: Krest Lunde i Sogndal Mållag og Anne Britt Halset. Sogndal Turlag bestir og fore ut postkasse namnet på det nye turmålet. Foto: Arvid

Av Steinar Hovden

Publisert 18.09.2022 11:08

Revaholbren, Hurpejelleit og Rumpa var mellom forslaga som kom inn, men dei valde heller å gå for eit namn av den mindre grove sorten.

Faksimile Sogn Avis 18.09.2022

Turpostgruppa

I år også har me hatt turpostar med premiering for barn opp til 12 år. Det vart laga eit ark med info og dei ulike postane (16 stk). Arka vart dele ut på Intersport Sogndal, kulturhuset og som ranselpost ved Trudvang skule. Årets premie var hodelykt. Turpostgruppa har i år vore Anne Skaar og Bente Leirdal Sleen.

Valnemnda

Valnemnda har i 2022 vore Deta Gasser, Vidar Lægreid og Sindre B. Ramung.

Økonomi

Økonomien i laget er god. Det har vore ein stor auke i både inntekter og kostnader i laget, mellom anna som følgje av at laget (saman med Luster Turlag) har teke på seg faste lønsforpliktingar til organisasjonssekretærstillinga. Rekneskapan syner inntekter på om lag 1 000 000 og tilsvarande kostnader. Oppgradering av Kollsetestølen og restaurering av Kjørrdalselet vil bli dei neste tunge løfta for laget, og dette vil både krevje stor eigeninnsats i form av dugnad og tilskot frå eksterne bidragsytararar. Styret legg fram rekneskapan for 2022 med eit overskot på om lag kr. 31 000.

Sogndal, 21.11.2022.

Leif Longvanes, leiar

Eldar Venes, kasserar

Lisbeth Dahle, styremedlem

Anne Skaar, styremedlem

Anne Britt Reppen Halset, styremedlem

Toril Mullen, styremedlem

Tom Dybwad, styremedlem

Bente Leirdal Sleen, varamedlem

Ingrid Buvard Aardal, varamedlem